

MØTEINNKALLING

12.09.2012

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 20.09.2012 kl. 15.10 på
Fjordhagen**

SAKLISTE:

- Sak 05/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 8. juni 2012
- « 06/12 - Oppgåver for kontrollutvalet, oversikt over sakstypar, årshjul – Orienteringssak
- « 07/12 - Vedkomande budsjett 2013 – Norddal kontrollutval
- « 08/12 - Tertialrapport 1. tertial 2012 – Norddal kommune
- « 09/12 - Brev frå ordførarar datert 15.08.2012 om habilitet og vurderingsevne i administrasjonen
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 8. juni 2012
Møtestad: Fjordhagen kl. 15.00

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Olav Løvoll, Arild Nærø og Turid Aspehjel

= **4 voterande**

Solveig Linge Stakkestad hadde meldt forfall..

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

**SAK 01/12
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. DESEMBER 2011**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 12. desember 2011 blir godkjent

**SAK 02/12
ÅRSMELDING 2011 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 05.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Norddal kommune til orientering.

**SAK 03/12
KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 05.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Innan enkelte avdelingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett.
Kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 1.

SAK 04/12

REKNESKAP 2011– NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF

Innstilling datert 08.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Norddal eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2011 blir godkjent.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

Olav Løvoll
medlem
(sign.)

Arild Nærø
medlem
(sign.)

Turid Aspehjel
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2012

**SAK 06/12
OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR,
ÅRSJUL – ORIENTERINGSSAK**

1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne egne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningsliner for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1. Rekneskapsrevisjon

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i eigne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er eigne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultatata av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*”. Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*” - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultatane av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Selskapskontroll

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei "bestillarrolle" når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultatata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følger av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggst til grunn. Det følger av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling

I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapetets innstilling til kommunestyret. Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektuere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga,

koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningsliner for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligere vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphørde denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbedringar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventat at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningsliner for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide eigne retningsliner for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggst fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet. Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningsskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

5. Tidsfristar for behandlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10)

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av **sluttrekneskap** til politisk behandling.

Plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for selskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved

rekneskapen. Det følger av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2012

**SAK 07/12
VEDKOMANDE BUDSJETT 2013 - NORDDAL KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Norddal kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Norddal kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 50.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2012

SAK 08/12
REKNESKAPSRAPPORT 1. TERTIAL 2012 – NORDDAL KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Rekneskapsrapport 1. tertial 2012 – Norrdal kommune

Av budsjettforskriftene §10 går følgende fram:

"Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak"

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar.

Det er viktig at rapporteringa skjer med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak då med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet- og investeringsbudsjettet).

Kommentarar

Av prognosane i tertialrapporteringa kjem det fram at det er forventa eit meirforbruk i året på 5,4 mill. kroner. Rådmannen beskriv situasjonen som vanskeleg og alvorleg.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet vil kome tilbake til den økonomiske situasjonen ved neste tertialrapportering.

Harald Rogne
dagleg leiar



Saksframlegg

Rekneskapsrapport 1. tertial 2012

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	
112/12	Formannskapet	25.06.2012

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.06.2012	Rekneskapsrapport 30.4.12.doc	61039

Ikkje utsendte saksdokument:

Rådmannen si innstilling:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapport 1. tertial 2012 til vitande
2. Ekstra inntekter i drift kan ikkje disponerast utan etter godkjenning frå rådmann

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FS-112/12 Innstilling i Formannskapet 25.06.2012:

1. Kommunestyret tek rekneskapsrapport 1. tertial 2012 til vitande
2. Ekstra inntekter i drift kan ikkje disponerast utan etter godkjenning frå rådmann

Saksgrunnlag:

Rådmannen skal etter Forskrift om årsbudsjett for kommuner legge fram rapportar for Kommunestyret som viser utvikling i rekneskap samanlikna med vedteke budsjett. Rapport skal leggest fram minimum kvart tertial.

Saksopplysningar:

Det er utarbeidd rekneskapsrapport pr 1. tertial. Verksemdleiarar har vurdert sine ansvarsområde og gjeve tilbakemeldingar om økonomisk status på drift pr rapporteringstidspunkt. Det er også gjort vurdering og utarbeidd prognose for resten av 2012. I tillegg har sentraladministrasjonen gjort vurderingar av frie inntekter og finans. Oversikt over framdrift på investeringar er også med i rapporten.

Det er eit eige kapittel der rekneskapsrapport, drift og investering, for Norddal eidedomselskap KF er med

Saksvurdering og konklusjon:

Rekneskapsrapporten viser at Norddal kommune er i ein vanskeleg og alvorleg situasjon med eit berekna meirforbruk på kr 5,4 mill. I K.sak 123/11 gjorde kommunestyret vedtak om innsparing på ulike verksemder på til saman kr 5,2 mill. Av dette er det framleis 2,8 mill som ikkje er konkretisert, sjølv om mykje er føreslått. Dersom ein så tek inn ein reserve eller at det kan kome ytterlegare negativt avvik i drifta på kr 1,8 mill, får vi eit tal på kr 10 mill. Dette er eit dramatisk nivå og det er vanskeleg å sjå for seg at Norddal kommune kan unngå å få eit større meirforbruk i 2012. Kommunen har ikkje reservar som kan dekke eit slik meirforbruk.

Det er vanskeleg å sette i verk tiltak som gjev stor effekt for 2012. Ein må vere klar over at situasjonen i år vil heller ikkje endre seg for komande år. Det vert difor viktig å starte på arbeidet med tiltak som vil ha langsiktig og varig effekt. Då vil ein ikkje kome vekk frå at kommunen må redusere tenesteomfanget. På kort sikt er det eit ufråvikeleg krav at tildelte budsjetttrammer til drift skal overhaldast. Erfaring frå tidlegare år viser at inntekter til verksemder kan verte høgare enn budsjettet. Dette kan t.d. gjeld tilskot. Dersom slike tilskot ikkje er direkte knytt til endringar i driftsnivå bør ikkje verksemda utan vidare få disponere slike inntekter. Rådmannen må få oversikt og disponere slike inntekter.

Årsakene til at kommunen er i denne vanskelege situasjonen er fleire og dei ligg både på inntekts- og utgiftsida. På kort sikt kan det peikast på svikt i inntektene og spesielt inntekter som kan variere frå år til år. Utbytte i Tafjord er i år er kr 1,7 mill lavare enn 2011 og inntekt av konsesjonskraft er nesten kr 5 mill lavare enn i fjor. Når desse varierende inntektene stort sett har vore brukt til drift, får reduksjon dramatiske følgjer. Særslite av desse inntektene har vorte sett av som reservar.

Eit synkende folketal i kommunen gjev også mindre inntekter, både redusert skatt og rammeoverføring.

Investeringar som vert finansiert med lån påverkar rekneskap negativt. Stadig større beløp vert brukt til avdrag og rente til tross for eit svært lavt rentenivå.

I staden for at det har vorte gjort større grep med omstrukturering og endring av tenestetilbod, har budsjettet til dei ulike verksemder vorte pressa for å få balanse i totalbudsjett. Knappe budsjett aukar risiko for overskridingar p.g.a. endringar i drift som kan kome til i løpet av året. Personalutgifter utgjer ein stor del av kommunen sitt totale budsjett. Særleg pensjonsutgifter er ein post som vert stadig større.

Stig Holmstrøm
rådmann

REKNESKAPSRAPPORT

30.4.12

NORDDAL KOMMUNE



Innhald

1.	Driftrekneskap	side 2
1.1	Rekneskapskjema 1A.....	side 2
1.2	Kommentar frie inntekter/finans.....	side 2
1.3	Rekneskapskjema 1B	side 4
1.4	Kommentar drift.....	side 4
1.5	Fordelt på ansvar.....	side 6
2.	Investeringar	side 9
3	Norddal Eigedomsselskap KF.....	side 10

1. Driftsrekneskap

1.1 Rekneskapsskjema 1 A

	Rekneskap pr 30.4.12	Periode budsjett	Avvik i kroner*	Budsjett 2012	Prognose 2012
Skatt på inntekt og formue	-19 025 778	-20 146 417	-1 120 639	-42 600 000	-41 574 000
Naturressurskatt					
Ordinært rammetilskudd	-24 865 868	-23 554 954	1 310 914	-65 195 000	-65 044 000
Skatt på eiendom	-9 935 196	-9 800 000	135 196	-19 600 000	-19 800 000
Konsesjonskraft	-3 706 606	-4 200 000	-493 394	-10 500 000	-9 500 000
Sum frie disponible inntekter	-57 533 448	-57 701 371	-167 923	-137 895 000	-135 918 000
Renteinntekter og utbytte	-16 566	-15 000	1 566	-7 550 000	-6 100 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 511 538	1 825 000	313 462	3 650 000	3 500 000
Kalkulatoriske renter	0	0	0	-456 000	-456 000
Avdrag på lån	2 176 540	2 525 000	348 460	5 050 000	5 050 000
Netto finansinnt./utg.	3 671 512	4 335 000	663 488	694 000	1 994 000
Premieavvik pensjon	0	0	0	-3 050 000	-3 050 000
Motkonto kapitalkostnader	0	0	0	-510 000	-510 000
Mva-kompensasjon investering	-126 316	-333 333	-207 017	-1 000 000	-1 000 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	0	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	0	0	0	3 130 000	3 130 000
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	-500 000	-500 000
Bruk av bundne avsetninger	0	0	0	-3 765 000	-3 965 000
Netto avsetninger	0	0	0	-1 135 000	-1 335 000
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	2 600 000	2 600 000
Til fordeling drift	-53 861 936	-53 366 371	495 565	-140 296 000	-137 219 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	52 073 586	48 946 607	-3 126 979	140 296 000	142 621 450
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	-1 788 350	-4 419 764	-2 631 414	0	5 402 450

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, merforbruk

1.2 Kommentar til frie inntekter/finans/avsetninger

Skatt/Rammetilskot:

Samla ligg dette om lag på forventa nivå pr 30.4. med negativt avvik på skatt, og tilsvarende positivt på rammeoverføring. Skatteinntangen dei første fire månadane har vore svak. Ikkje minst gjeld dette naturressurskatt som ligg om lag kr 0,8 mill under 2011. Dette har vorte jamna ut med større rammeoverføringar. Prognoser som vi har motteke viser totalt beløp for skatt og rammeoverføring på kr 106,6 mill, altså kr 1,2 mill under budsjett på kr 107,8 mill. Det er då lagt inn forventning om auke i skatt på 4,3 % i høve til 2011. Dette er truleg høgt då skatteinntang førebels ligg under fjoråret, men dette vil betre seg utover året. Dersom skatteinntangen vert lavere enn forventa, vil det verte kompensert med høgare rammeoverføring, slik at totalen kan verte som prognoser viser.

Skatt på eidegom:

Dette er litt over budsjett og med liknande 2. termin vil beløpet verte om lag kr 0,2 mill over budsjett.

Konsesjonskraft:

Inntekter vert betydeleg lavare enn budsjettert. Inngått avtale om sal gjev netto inntekt på kr 9,8 mill. I tillegg kjem utgifter som vi må betale til konsesjonær, Tafjord Kraftproduksjon, og som gjeld innmating av kraft til nettet. Førebels er netto inntekt vurdert til kr 9,5 mill

Mva-kompensasjon investering:

Investeringar ligg under forventa framdrift, slik at kompensasjon også er lavare. Tilbakemeldingar frå ansvarlege tilseier at investeringar vert gjennomført og at mva-kompensasjon vil nå forventa nivå. Det er for 2012 budsjettert med å bruke 40 % av mva-kompensasjon investering til drift. Dette er maks av det regelverket tillet i 2012.

Finans-

Renteinntekter og utbytte:

Utbytte frå Tafjord Kraft AS vert kr 3,250 mill. Dette er 1,4 mill mindre enn budsjettert. Andre inntekter er rente på ansvarleg lån til Tafjord Kraft AS og rente på bankinnskot. Grunna svak likviditet i kommunen og lav rente kan også forventa rente på bankinnskot verte mindre enn budsjettert. Avkastning på Elverk-fondet skal først tilbake til fondet og i budsjettet står dette som overføring til investeringar for der å verte avsett til ubunde fond.

Renteugifter/finansutgifter:

I budsjettet for 2012 er det lagt til grunn gjennomsnittleg, flytande rente på 3,25 % pa. Rentenivået på flytande rente er p.t. under 3 % pa. Knappe 2/3 av lån har fastrente med eit nivå på 3,2 – 3,55 %. Prognose for renteutgifter gjev eit litt lavare nivå enn budsjett.

Avdrag på lån:

Vil kome på budsjettert nivå.

Premieavvik:

Det er budsjettert med eit stor positivt premieavvik i 2012. Dette er forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad i KLP/SPK ved årets slutt. KLP sender periodisk ut nye prognoser for pensjon. Det kan tyde på premieavviket kan gå litt ned, men samtidig vil budsjetterte innbetalingar av premie også gå ned slik at netto verknad ikkje vil endre seg.

Avsettingar:

Det vert førebels ikkje gjort endra vurdering knytt til avsetting og bruk av fond med unntak av sjølvkostfond på slam. Det er signalisert frå FDV at utgifter til slamhandtering kan verte 0,2 mill høgare enn budsjettert. Det er forholdsvis stort fond som kan belastast for å dekke dette.

1.3 Rekneskapskjema 1B

	Rekneskap	Periode budsjett	Avvik i kroner*	Budsjett 2012	Prognose 2012
Politisk - sentraladministrasjonen	5 595 402	4 975 328	-620 074	13 850 000	13 970 000
Oppvekst - kultur	15 936 895	15 862 830	-74 065	42 947 000	43 602 450
Helse-sosial-pleie-omsorg	20 075 628	19 564 198	-511 430	53 647 000	53 647 000
FDV	2 297 983	2 524 893	226 910	5 442 000	5 442 000
Plan-oppmåling-brann	994 641	1 100 967	106 326	3 835 000	3 835 000
Næring	1 811 454	2 073 757	262 303	1 929 000	1 929 000
Husleige Nordddal egedomselskap KF	6 137 332	6 137 333	1	17 736 000	17 736 000
Skredvarsling, Åknes Tafford IKS	525 000	525 000	0	525 000	525 000
ekstra verknad lønnsoppgjer					1 000 000
VAR-område, sjølvkost	786 550	-1 444 366	-2 230 916	-250 000	-100 000
Næringsfondet	-2 087 299	-2 373 333	-286 034	0	0
Korrigerig - netto avsetting/bruk av fond på verks	0	0	0	635 000	835 000

1.4 Kommentar drift

Politisk –sentraladministrasjonen:

Prognose viser eit mindre avvik i høve til budsjett på kr 120.000. Dette gjeld digitalisering av møtebøker som skulle utførast i 2011 men har vorte forseinka. Budsjett har ikkje vorte tilsvarande overført. I tillegg er det reingjering av gammalt arkivmateriale til om lag kr 50.000. For politiske utval er det signalisert eit mindre avvik på knappe kr 50.000.

Det kan verke som prognose for hovedkapittel er vel optimistisk. Det kan nemnast at sentraladministrasjonen gjennom K.sak 123/11 er pålagt innsparing på kr 750.000. Om lag kr 300.000 av dette er enno ikkje konkretisert. Det er førebels påløpt kr 100.000 i direkte utgifter i samband med midlertidig flytting av rådhuset til Tafford. Dette er ikkje budsjettert.

Oppvekst/kultur:

Fellesområdet skule-barnehage er førebels i balanse i høve til budsjett. Nivå på skuleskys er til vurdering og vert lagt fram som eiga sak til Kommunestyret.

Valldal skule rapporterar at dei går mot meirforbruk i høve til budsjett. Det er lagt fram ein omfattande rapport som viser kva som er grunn til dette. Det vert m.a. vist til at i budsjettet for 2012 var lagt inn stillingsreduksjon 1,3 årsverk frå 1.8.12. Denne reduksjon er ikkje mogeleg i same storleik som planlagt. Det er til dels omfattande argumentasjon for at Valldal skule har behov for og bør få meir midlar, både utifrå bruk av vedteken fordelingsmodell mellom skulane, ved nye tiltak som har kome til (18 elevar 1. klasse, valfag, NyGIV, deling mat og helse 9. klasse, spesialundervisning) og ved samanlikning mot andre tilsvarande skular. Det vert også hevda at det i budsjettarbeidet ikkje vert gjeve høve til å budsjettere med nye tiltak i løpet av budsjettåret. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjeve slike signal. Frå skulen er det berekna eit meirforbruk på kr 655.000. Ved kontroll av dette verkar det å vere om lag kr 450.000 for høgt.

For Valldal skule SFO og vaksenopplæring er tilbakemelding at desse er i budsjettbalanse. Til vaksenopplæring kan det nemnast at statstilskot vert betydeleg større enn budsjettert.

Eidsdal og Dalsbygda skule og barnehage gjev tilbakemelding om at drift vil kom ut i balanse i 2012. Perioderekneskap viser at dei aller fleste område ligg innanfor periodisert budsjett.

Syltebøen barnehage er i balanse i høve til periodisert budsjett. Det vil også verte gjennomført ein reduksjon i bemanning frå 1.8. p.g.a. mindre barnehagegruppe. Foreldrebetaling vil gå ned, slik at netto vil dette ikkje utgjere så mykje

Dei ulike ansvarsområde innan kultur ligg innanfor periodisert budsjett pr 30.4. og det er ikkje forventa meirforbruk i 2012.

Helse forventar å halde seg innanfor dei budsjetterte rammer for 2012. Det er usikkerheit knytt til Samhandlingsreforma og korleis dette kjem ut for Norddal kommune i 2012.

Budsjett 2012 til barnevern vart auka og det er forventa at budsjett er på tilstrekkeleg nivå. Det same gjeld også NAV Storfjorden. Utbetalingar til sosialhjelp er under budsjett, men det er vanskeleg å vurdere utvikling utover året

Pleie og omsorg har overforbruk i høve til periodisert budsjett for alle ansvar unntatt Valldal sjukeheim. Det er spesielt bruk av vikarar og overtid som er årsak til dette. Prognoser som er utarbeidd tilseier at verksemda vil kome i budsjettbalanse. Føresetnaden for dette er at tiltak som arbeidsgrupper har kome med framlegg om vert vedteke og sett i verk. Det er usikkerheit med utgifter p.g.a. bygningsmessig arbeid som skal gjerast på sjukeheimen og kva utgifter dette medfører mellom anna. med flytting av pasientar til Norddal.

Teknisk, FDV og PBO melder tilbake at dei vil kome i budsjettbalanse med nokre unntak. Dette til tross for at det er vedteke ganske store reduksjonar i budsjett på kommunale vegar i 2012. Det er usikkerheit med renovasjon og slam, der det er gjort store overføringar til ÅRIM som først vert avrekna når volum og omfang av kjøpte tenester føreligg på slutten av året. For slam er det meldt tilbake at dette vil gå kr 200.000 over budsjett, men her er det fond som vil kunne dekke dette. På vassverk er det nødvendige tiltak som må gjerast på Myklebust Vassverk og som ikkje er budsjettert. Dette gjeld om lag kr 150.000. Det er ikkje tilgjengelege fond på vassverk som kan dekke dette.

I samband med skader etter orkan i jula 2011 og vasskade på Murivollane og Langereiten er det gjort eit førebels overslag på kr 3,0 mill til reparasjon og andre tiltak. Mykje av dette vil truleg dekkast av staten. Dette er tiltak og utgifter som ikkje er teke inn i prognoser, men som ein bør vere klar over kan kome til .

Utgifter til samarbeidet TSSN er budsjettert med kr 1,1 mill i 2012. Det føreligg ikkje noko oversyn korleis dette ligg an pr 30.4.

Næring har hatt ein vakanse som naturforvaltar i store delar av 2012. Tilsetting er gjort frå 1.8. Dette medfører ei innsparing av lønn i høve til budsjett, men samstundes vert det kjøpt tenester slik at det førebels ikkje er oversyn over eventuelt mindreforbruk.

Oppsummering:

Norddal kommune har kome i ein vanskeleg og alvorleg økonomisk situasjon. Det er eit negativt avvik i høve til periodisert budsjett på 30.4. men det kan vere ulike årsaker til det. Meir bekymringsfullt er at prognose for 2012 viser eit meirforbruk på kr 5,4 mill. I dette ligg det at frie inntekter ikkje vil nå budsjettert nivå

- rammetilskot/skatt kr 1,2 mill

- konsesjonskraft kr 1,0 mill
- utbytte Tafjord Kraft kr 1,4 mill

På utgiftsida er det auka utgifter p.g.a. lønnsoppgjøret. Det er avsett kr 1,0 mill til dette i 2012, truleg vil dette koste kommunen kr 1,0 mill i tillegg, d.v.s. totalt kr 2,0 mill i 2012. Tilbakemeldingar frå verksemdene viser prognose som ligg om lag kr 0,8 mill over budsjett. Då er ikkje kommunen sine utgifter i samband med opprydding og reparasjon etter uver vinteren 2011/12 teke med.

I K.sak 123/11 gjorde kommunestyret vedtak om innsparing på ulike verksemdar på til saman kr 5,2 mill. Av dette er det framleis 2,8 mill som ikkje er konkretisert, sjølv ein del tiltak er føreslått. Dersom ein så tek inn ein reserve eller ytterlegare negativt avvik i drifta på kr 1,8 mill, får vi eit avvik på kr 10 mill. Dette er eit dramatisk nivå og det er vanskeleg å sjå for seg at Norddal kommune skal kunne dekke inn dette i 2012. Det vil difor gå mot eit større meirforbruk i 2012. Det er vanskeleg å iverksette tiltak som gjev stor effekt for 2012. Situasjonen i år vil ikkje endre seg for komande år. Det vert difor viktig å starte på arbeidet med tiltak som vil ha langsiktig og varig effekt. Då vil ein ikkje kome vekk frå at kommunen må redusere tenesteomfanget som igjen kan medføre reduksjon i bemanning.

Kva er så årsaka til at kommunen no er i denne situasjonen? På kort sikt kan det peikast på svikt i inntektene og spesielt inntekter som kan variere frå år til år. Utbytte i Tafjord er i år er kr 1,7 mill lavare enn 2011 og inntekt av konsesjonskraft er nesten kr 5 mill lavare enn i fjor. Når desse varierende inntektene stort sett har vore brukt til drift, får reduksjon dramatiske følgjer. Særst lite av desse inntektene har vorte sett av som reservar.

Eit synkende folketal i kommunen gjev også mindre inntekter, både redusert skatt og rammeoverføring.

Investeringar som vert finansiert med lån påverkar rekneskap negativt. Stadig større beløp vert brukt til avdrag og rente til tross for eit for tida lavt rentenivå.

I staden for at det vert gjort større grep med omstrukturering og endring av tenestetilbod har budsjettet til dei ulike verksemdar vore pressa for å få balanse i totalbudsjett. Knappe budsjett aukar risiko for overskridingar p.g.a. endringar i drift som kan kome til i løpet av året. Personalutgifter utgjer ein stor del av kommunen sitt totale budsjett. Særleg pensjonsutgifter er ein post som vert stadig større.

1.5 Fordelt på ansvar

	Rekneskap 30.4.12	Periode budsjett	%-forbruk	Budsjett 2012	Prognose 2012
Ansvar 1100 Kommunestyre og formannsk.	466 943	506 765	39 822	1 610 000	1 610 000
Ansvar 1102 Støtte politiske parti	0	0	0	40 000	40 000
Ansvar 1105 Distriktsrevisjonen	202 500	200 000	-2 500	342 000	342 000
Ansvar 1107 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat	65 523	46 142	-19 381	145 000	145 000
Ansvar 1121 Overformynderiet	22 347	8 654	-13 693	27 000	27 000
Ansvar 1123 Eldrerådet	4 917	3 202	-1 715	11 000	20 000
Ansvar 1124 Ungdomsråd	6 520	9 654	3 134	35 000	35 000
Ansvar 1125 Råd for funksjonshemma	27 844	1 250	-26 594	5 000	40 000
Ansvar 1200 Rådmannskontoret	1 073 744	1 074 261	517	2 982 000	2 982 000
Ansvar 1201 Økonomiavdelinga	479 154	475 689	-3 465	1 519 000	1 519 000
Ansvar 1202 Servicetorget-fellestener	1 092 084	1 102 446	10 362	2 599 000	2 675 000
Ansvar 1204 Datadrift	266 625	269 981	3 356	741 000	741 000

	Rekneskap 30.4.12	Periode budsjett	%-forbruk	Budsjett 2012	Prognose 2012
Ansvar 1205 Breiband	432 171	425 000	-7 171	425 000	425 000
Ansvar 1210 Driftsavtaler og lisensar IT	328 370	356 666	28 296	1 000 000	1 000 000
Ansvar 1220 Interkomm. samarbeid pleie/omsorg	48 150	0	-48 150	0	0
Ansvar 1223 HMS-samarbeid	73 777	8 333	-65 444	25 000	25 000
Ansvar 1224 Interkomm. samarbeid kartforretning	6 570	0	-6 570	0	0
Ansvar 1226 Interkomm. samarbeid NOTUS	17 935	0	-17 935	0	0
Ansvar 1227 Interkomm. samarbeid Risk Manager	18 000	0	-18 000	0	0
Ansvar 1230 Veksthus for leiarar	2 743	0	-2 743	0	0
Ansvar 1250 Informasjon	63 726	83 334	19 608	235 000	235 000
Ansvar 1300 Beredskap	217 041	92 668	-124 373	263 000	263 000
Ansvar 1850 Sentralt personalarbeid	518 447	290 000	-228 447	1 526 000	1 526 000
Ansvar 1900 Fellesutgifter	11 946	0	-11 946	0	0
Ansvar 1901 Forsikringar	55 506	21 283	-34 223	320 000	320 000
Ansvar 1902 Administrasjonsbygg	92 819	0	-92 819	0	0
Sum politisk - sentraladministrasjon	5 595 402	4 975 328	-620 074	13 850 000	13 970 000
Ansvar 2000 Fellesutgifter skule	772 447	791 177	18 730	2 800 000	2 800 000
Ansvar 2101 Valldal skule	6 191 517	5 937 886	-253 631	15 011 000	15 666 450
Ansvar 2102 Valldal skule SFO	158 868	179 941	21 073	498 000	498 000
Ansvar 2103 Valldal skule, vaksenopplæring	61 461	52 186	-9 275	261 000	261 000
Ansvar 2111 Eidsdal skule	2 451 735	2 396 577	-55 158	6 594 000	6 594 000
Ansvar 2112 Eidsdal skule SFO	-12 400	16 702	29 102	46 000	46 000
Ansvar 2121 Dalsbygda skule	813 804	862 685	48 881	2 384 000	2 384 000
Ansvar 2122 Dalsbygda skule SFO	55 122	86 764	31 642	239 000	239 000
Ansvar 2123 Dalsbygda barnehage	302 059	338 931	36 872	948 000	948 000
Ansvar 2201 Syltebøen barnehage	2 081 478	2 065 274	-16 204	5 754 000	5 754 000
Ansvar 2211 Eidsdal barnehage	552 755	593 863	41 108	1 659 000	1 659 000
Ansvar 2301 Norddal Musikk- og kulturskule	825 999	748 542	-77 457	1 724 000	1 724 000
Ansvar 2400 Kulturadministrasjon	162 355	171 267	8 912	476 000	476 000
Ansvar 2401 Kulturminnevern	978	22 667	21 689	68 000	68 000
Ansvar 2403 Kultur-tilskot drift/anlegg	-12 730	33 333	46 063	527 000	527 000
Ansvar 2404 Ungdomsarbeid	104 631	124 129	19 498	349 000	349 000
Ansvar 2407 Valldal Samfunshus	2 390	3 106	716	9 000	9 000
Ansvar 2408 Prosjekt God helse	71 445	87 477	16 032	117 000	117 000
Ansvar 2409 Kraftsenteret	112 426	133 557	21 131	380 000	380 000
Ansvar 2411 Frivilligsentralen	-53 648	-47 915	5 733	225 000	225 000
Ansvar 2413 Den Kulturelle Spaserstokken	11 099	0	-11 099	0	0
Ansvar 2501 Bibliotek	430 504	404 681	-25 823	1 148 000	1 148 000
Ansvar 2800 Norddal kyrkjelege fellesråd	852 600	850 000	-2 600	1 700 000	1 700 000
Ansvar 2801 Andre religiøse formål	0	10 000	10 000	30 000	30 000
Sum oppvekst - kultur	15 936 895	15 862 830	-74 065	42 947 000	43 602 450
Ansvar 3101 Helsestasjon	321 239	317 408	-3 831	877 000	877 000
Ansvar 3102 Kurativ helsevern	1 588 610	1 775 953	187 343	4 535 000	4 535 000
Ansvar 3103 Jordmorteneste	47 800	46 667	-1 133	140 000	140 000
Ansvar 3104 Fysioterapiteneste	250 734	348 000	97 266	1 044 000	1 044 000
Ansvar 3105 Psykiatri	226 145	208 492	-17 653	594 000	594 000
Ansvar 3108 L-V sentralen	98 813	66 667	-32 146	200 000	200 000
Ansvar 3120 Samhandlingsreforma	934 034	833 333	-100 701	2 500 000	2 500 000
Ansvar 3202 Økonomisk sosialhjelp	31 884	80 000	48 116	240 000	240 000
Ansvar 3203 Edruskapsvern	-10 842	6 667	17 509	20 000	20 000
Ansvar 3204 Barnevern	8 568	8 667	99	1 024 000	1 024 000
Ansvar 3375 NAV-Storfjord	271 584	399 847	128 263	1 149 000	1 149 000

	Rekneskap 30.4.12	Periode budsjett	%-forbruk	Budsjett 2012	Prognose 2012
Ansvar 3401 Heimeteneste i Valldal/Fjørå/Tafjord	2 957 312	2 778 050	-179 262	7 813 000	7 813 000
Ansvar 3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norddal	2 051 979	1 813 621	-238 358	5 201 000	5 201 000
Ansvar 3416 Tiltak personar med funksjonshemming	2 830 331	2 430 998	-399 333	4 931 000	4 931 000
Ansvar 3450 Valldal sjukeheim	8 467 437	8 449 829	-17 608	23 379 000	23 379 000
Sum helse-sosial-pleie-omsorg	20 075 628	19 564 198	-511 430	53 647 000	53 647 000
Ansvar 4100 Fagansvarleg FDV	93 436	128 005	34 569	500 000	500 000
Ansvar 4201 Kommunale vegar	1 902 691	2 219 140	316 449	3 865 000	3 865 000
Ansvar 4202 Veg og gateløys	45 665	-33 334	-78 999	400 000	400 000
Ansvar 4219 Naturskade 2012	45 871	0	-45 871	0	0
Ansvar 4501 Felles maskinpark	42 513	-13 325	-55 838	0	0
Ansvar 4601 Offentleg område	167 807	224 407	56 600	677 000	677 000
Sum FDV	2 297 983	2 524 893	226 910	5 442 000	5 442 000
Ansvar 5100 Fagansvarleg PBO	463 886	419 694	-44 192	1 853 000	1 853 000
Ansvar 5200 Brannvern	530 755	674 606	143 851	1 962 000	1 962 000
Ansvar 5201 Oljevern	0	6 667	6 667	20 000	20 000
Sum plan - bygg - oppmåling - brann	994 641	1 100 967	106 326	3 835 000	3 835 000
Ansvar 6100 Næringsutvikling	1 644 938	1 923 588	278 650	1 621 000	1 621 000
Ansvar 6102 Veterinærteneste	120 757	121 002	245	258 000	258 000
Ansvar 6118 Dørøpnar-prosjekt	26 050	16 667	-9 383	50 000	50 000
Ansvar 6123 Prosjekt -cruisekai	7 953	0	-7 953	0	0
Ansvar 6124 Storfjordkonferansen 2011	4 725	0	-4 725	0	0
Ansvar 6201 Jakt og viltstell	7 031	12 500	5 469	0	0
Sum næring	1 811 454	2 073 757	262 303	1 929 000	1 929 000
Ansvar 7000 Husleige Norddal Eigedomsselskap KF	6 137 332	6 137 333	0	17 736 000	17 736 000
Ansvar 7200 Skredvarsling	525 000	525 000	0	525 000	525 000
Ansvar 4401 Renovasjon	31 232	-842 553	-873 785	-250 000	-250 000
Ansvar 4402 Avløp	-140 828	-102 015	38 813	0	0
Ansvar 4403 Vassverk	-430 229	-526 021	-95 792	0	150 000
Ansvar 4404 Slam	1 437 017	67 556	-1 369 461	0	0
Ansvar 5300 Feiling	-110 642	-41 333	69 309	0	0
Sum sjølvkost	786 550	-1 444 366	-2 230 916	-250 000	-100 000
Ansvar 6110 Næringsfondet	-2 087 299	-2 373 333	-286 034	0	0

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk

2. Investeringar

Prosjekt	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Totalrekne- skap prosjekt	Total budsjett	Forbruk %
Prosjekt 120001 Bedre styring - datasystem	0	200 000	0	200 000	-
Prosjekt 120406 Oppgradering Trio/e-post	0	187 500	0	187 500	-
Prosjekt 120406 Kommunikasjon e-kommune	9 862	125 000	9 862	125 000	7,9
Prosjekt 120408 Oppgradering telefonsystem	281 561	225 000	281 561	225 000	125,1
Prosjekt 120409 Oppgradering Websak	0	125 000	0	125 000	-
Prosjekt 120501 Fiberutbygging - anleggsbidrag	0	1 700 000	0	1 700 000	-
Prosjekt 1300001 Inventar kommunestyresal	0	227 500	0	227 500	-
Prosjekt 210102 Valldal skule utstyr naturfag	10 000	0	153 050	350 000	43,7
Prosjekt 280002 Sylte kyrkje, reiskapshus	0	0	69 845	300 000	23,3
Prosjekt 340102 Vaskeutstyr heimeteneste	0	120 000	0	120 000	-
Prosjekt 340202 Inventar omsorgsbustader Eidsdal	0	200 000	0	200 000	-
Prosjekt 345003 Senger Valldal sjukeheim	0	125 000	0	125 000	-
Prosjekt 345004 Inventar medisinerom	0	180 000	0	180 000	-
Prosjekt 410001 Bil FDV	23 995	350 000	23 995	350 000	6,9
Prosjekt 410002 Flytting FDV - brannstasjon Eidsdal	0	150 000	0	150 000	-
Prosjekt 420203 Gatelys	0	0	970 244	1 368 000	70,9
Prosjekt 420204 Gamle Åsevegen	0	735 000	0	1 085 000	-
Prosjekt 420208 Muriberget veg/mur	0	0	889 802	1 012 500	87,9
Prosjekt 420209 Anlegg Hallstadberget	0	1 750 000	376 499	1 750 000	21,5
Prosjekt 431102 Murigrandane - opparbeiding område	57 525	0	1 719 375	3 500 000	49,1
Prosjekt 420505 Murigrandane - fjernvarmerør	130 342	0	3 624 856	3 804 500	95,3
Prosjekt 440202 Murigrandane avløp	0	0	432 777	450 000	96,2
Prosjekt 440307 Murigrandane vatn	0	0	849 300	850 000	-
Prosjekt 431103 Muriparken - utomhusplan	0	3 000 000	0	3 000 000	-
Prosjekt 440301 Hovedvassplan Valldal vassverk	155 031	0	155 031	0	
Prosjekt 461101 Muribugen	0	0	0	250 000	-
Prosjekt 510002 GIS oppmålingsforretning	0	0	73 150	93 000	78,7
Prosjekt 510003 Digital kartlegging	0	0	140 000	200 000	70,0
Prosjekt 510005 Tettstadsutvikling	0	200 000	0	200 000	-
Prosjekt 520006 Nødnett brannvesen	0	0	15 000	220 000	7,0
				22 348	
Sum	668 316	9 600 000	9 784 347	000	

Det er lite investeringar som er gjennomført pr 1. tertial i 2012. Det er å merke at prosjekt 120408 Oppgradering telefonsystem er over bevilga ramme. Når det gjeld hovedvassplan for Valldal Vassverk er det utført arbeid utan at det er bevilga midlar.

Det er ikkje gjort andre investeringar enn anleggsinvesteringar hittil i 2012

3. Norddal Eigedomsselskap KF

	Rekneskap 30.4.12	Periodisert budsjett	Avvik *	Budsjett 2012
Husleige Norddal kommune	-6 147 202	-6 137 333	9 869	-18 412 000
Husleige andre	-541 994	-553 333	-11 339	-1 660 000
Andre inntekter	-95 384	-106 000	-10 616	-1 246 000
Mva kompensasjon drift	-165 463	-500 000	-334 537	-1 500 000
Mva kompensasjon investering	-230 522	0	230 522	0
Sum driftsinntekter	-7 180 565	-7 296 667	-116 102	-22 818 000
Lønn	2 112 786	2 184 727	71 941	6 008 000
Lys og varme	169 926	268 950	99 024	3 227 400
Kommunale avgifter	222 243	213 750	-8 493	855 000
Avskrivningar	0	0	0	5 400 000
Andre utgifter	591 448	936 667	345 219	2 975 000
Mva kompensasjon drift	165 463	500 000	334 537	1 500 000
Sum driftsutgifter	3 261 866	4 104 094	842 228	19 965 400
Driftsresultat	-3 918 699	-3 192 573	726 126	-2 852 600
Andre inntekter	0	0	0	0
Netto finans	852 789	950 000	0	2 835 000
Resultat	-3 065 910	-2 242 573	726 126	-17 600

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk

Norrdal Eigedomsselskap KF Ligg godt an i høve til periodisert budsjett pr 30.4. Tek ein omsyn til tilbakeført mva frå investeringar er det eit positivt avvik i høve til budsjett på om lag kr 0,6 mill. Det er utgiftene som førebels er lavare enn forventa. Lav straumpris og lave renter slår positivt ut.

Det er gjennomført investeringar for kr 1,6 mill pr 1. tertial. Bevilgning for 2012 er kr 20,8 mill. Største enkeltprosjekt er Rådhus-Valldal sjukeheim men dette kom først i gang på slutten av 1. tertial.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2012

**SAK 09/12
BREV FRÅ ORDFØRARAR DATERT 15.08.2012 OM HABILITET OG
VURDERINGSEVNE I ADMINISTRASJONEN**

Vedlagt følger ovannemnte brev. Det blir lagt opp til å drøfte dette i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



Kontrollutvalet

Vår ref.

11/1205/033/BJRU/70258815

Dykkar ref.

Dato:

15.08.2012

Habilitet og vurderingsevne i administrasjonen

Viser til lesarinnlegg i Storfjordnytt torsdag 14. juni 2012 av Jon Kåre Løvoll. I lesarinnlegget skriv Kåre Løvoll mellom anna: ...»


Om politikarane i Norddal likevel finn det meir tenleg å lytte til rådmannen og satse på eit 40 år gammalt bygg, i ei bygd med tre brukarar frå hausten 2013, vil vere svært oppsiktsvekkjande. Ein kan også bli forundra over rådmannens val av sakshandsamar i denne saka. At tidlegare rektor og nesten næraste nabo til Dalsbygda skule og barnehage er sett på saka, bidreg ikkje til tillit til saksutgreiinga.»

Viser til kommunelova med kommentarer av Jan Fridthjof Bernt og Oddvar Overå 5 utgave 2011, & 77. kommentar 2: ... «Kontrollutvalget har anledning til å føre tilsyn med alle sider av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten, herunder kommunale foretak. Utvalget skal imidlertid ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer, bare om de vedtak som er truffet og virksomheten ellers er i tråd med de rettslige krav som stilles kommunen, herunder om vedtak er truffet av kompetent organ og etter en korrekt saksbehandling, og at det vedtak som er truffet blir satt ut i livet i overenstemmelse med det som er fastsatt her.»

I lesarinnlegget vert det stilt spørsmål ved habilitet for sakshandsamar. Det er vesentleg for meg og sikkert for alle at vedtak vert fatta etter korrekt sakshandsaming. Eg reknar og med at alle er tent med at rådmannens vurderingsevne er god. Ut i frå innhaldet i lesarinnlegget som vist over er det stilt spørsmål ved dette. I veileder frå Kommunal og regionaldepartementet datert 2011 går det tydeleg fram at utvalet: « er avhengig av å ta opp saker på eget initiativ og få innspill til saker frå andre.» Eg tillet meg difor å informere Kontrollutvalet om innhaldet i nemnde lesarinnlegg.

Med helsing

Bjørn Inge Ruset
ordfører


Bente Klakken Osvik
etter fullmakt